

## Bygdekvinnestreif på Moster 21.09.24

Bygdekvinnelaga i Stord og Fitjar inviterer saman med Hordaland Bygdekvinnelag til streif på Moster Amfi.

I 2024 er det 1000 års-feiring av innføring av kristendommen i Noreg. Kristenretten vart vedteken på Moster i 1024. Store vikingkongar har vore i land her og sett avgjerande nasjonalhistoriske spor etter seg.

Så det er berre å hiva seg med og melda seg på. [Du kan lesa meir om Moster Amfi på nettsidene deira.](#)



### Program:

- 12.00 Oppmøte ved Moster gamle Kyrkje, der guide tek i mot oss.
- 12.30 Alle går samla til Moster Amfi der me vert ynskt velkomne med styrkjedrikk og me vert tekne 1000 år tilbake i tid. «Frå heidendom til Kristendom»
- 13.00 Lunsj, Tora Mostrastong si kjærleikssuppe
- 14.00 Velkommen. Stord og Fitjar fortel frå deira distrikt, Steinsalen
- 15.00 Beinstrekk med kaffi og søtt. Høve til å gå ned i gruvetunellen
- 15.30 Infor frå HBK og NBK. Litt om verving, heimesider og bl.anna.
- 16.30 Avsluttar i nybygg og flunkande ny utstilling, «Frå makt til rett – kven har makt?»
- 17.00 Vel heim. Dei som ynskjer kan ta turen opp på Vetahaugen eller tusla rundt i Moster Amfi sin Urtehage.

Det blir loddsal. De kan og få kjøpa dei fantastisk fine T- skjortene våre for kr 250,-

Pris: Medlemmer – kr 700,-

Ikkje medlemmer – kr 800,-

Bindande påmelding til tlf. **91850257** med betaling innan **4. september** til

Vippsnr: **550750**, eller kontonr: **3546 30 41898**

Hugs å merka med navn. Du er påmeld når du har betalt

Håpar mange har lyst å vera med, det vert eit unikt streif – 1000 år til neste.

Adressa til Moster: Tora Mostrastongv. 2, 5440 Mosterhamn

